



Rød Bygg Og Betong As
Bjørnavegen 143
5208 Os

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/27309	26/2509	Arild Knutsen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		25.06.2026

Vedtak om dispensasjon og løyve i eitt trinn - 63/190 - Smiebakken 6 - Oppføring av to støttemurar

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 63/190
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 277/2026

Vedtak

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppføring av støttemur.

Dispensasjonen gjeld berre i høve veglova, og ikkje rettar overfor eventuelle andre grunneigarar. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gitt på følgjande vilkår:

1. Byggverket må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom om søkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå dags dato.
3. Eigar fråskriv seg krav på erstatning for skade eller ulemper som skyldast mellom anna vegvedlikehaldsarbeid, utbetningsarbeid eller vegtrafikken (som er ei følgje av at søkte byggverk er plassert innanfor byggjegrensa til kommunal veg).
4. Byggverket må ikkje hindra naudsynt sikt i avkøyrslar i følgje gjeldande krav. Dette gjeld også for eventuelle naboeigedomar.
5. Dersom byggverket vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan byggverket krevjast fjerna med heimel i veglova § 36 utan kostnader for Bjørnafjorden kommune.
6. Viss byggverket må rivast som følgje av eventuell utviding av den kommunale vegen, må dette arbeidet i si heilheit kostast av heimelshavar.
7. Punkt 6 må tinglysast som hefte på eigedomen av søkjar.

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå kommunedelplanen for arealbruken i Bjørnafjorden vest sitt krav om felles planlegging. Tiltaket gjeld oppføring av to støttemurar. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngivinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Løyve i eitt trinn

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt trinn for oppføring av to støttemurar, slik som det går fram av søknaden. Vedtaket er gitt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 10.03.2026, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette. Kopi av dette vedtaket og andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område, jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon. I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av to støttemurar på ei etablert einebustadtomt på gbnr. 63/190, Smiebakken 6. Mur 1 blir støypt og plassert framme på eigedomen mot nabo på gbnr. 63/177, Haugsneset 3 og fylt opp bakom. Mur 2 blir etablert som støttemur på L-sålefundament. Den maksimale høgda er om lag 2,8 meter og han vil vere om lag 35 meter lang. For å kunne sikre trygg og funksjonell åtkomst mellom nivåa, vil det òg bli ført opp ei utanpåliggjande betongtrapp.



Det blir elles vist til søknad motteke 24.03.2026, med tilleggsinfo motteke 20.04.2026 og 18.05.2026, og til søknad om dispensasjon frå krav om felles planlegging, motteke 25.06.2026.

1.2 Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdereguleringsplanen for Osøyro er definert som frittliggjande bustad. Ettersom tiltaket vil ligge utanfor regulert byggegrense og om lag 6 meter frå midten av kommunal veg, er det behov for dispensasjon.

Det er plankrav for tiltaket, jf. § 2.1.1.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 10.03.2026. Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant / ingen endring.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ikkje relevant / ingen endring.

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Ettersom tiltaket blir plassert i eit område som i NVE sine kart er markert som aktsemdsområde for kvikkleire, har ansvarleg søkar bestilt ei geoteknisk vurdering. Det er sendt inn utgreiing frå Norconsult Norge AS datert 15.05.2026, kor det blir vurdert at områdestabiliteten er tilfredsstillande for tiltakskategori K2, og at vidare utreiing ikkje er nødvendig. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Det er ikkje henta inn uttale frå anna mynde. Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring. Vedtaket blir sendt Statsforvaltaren i Vestland og andre relevante mynde med klagerett.



Det er motteke intern uttale frå samferdselsavdelinga som i notat 9.06.2026 skriv at det på vilkår (jf. dei vilkåra som er nemnde over i dispensasjonsvedtaket) kan bli gitt dispensasjon for å plassere tiltaket om lag 6 meter frå midten av kommunal veg.

2. Dispensasjon

Ettersom tiltaket vil ligge om lag 6 meter frå midten av kommunal veg, er det behov for dispensasjon.

2.1. Grunngeving:

Det er søkt om dispensasjon med slik grunngeving:

«Jeg viser tilbakemelding vedrørende tiltak på eiendom 63/190, og krav om søknad om dispensasjon fra byggegrense mot kommunal vei. Jeg søker med dette om dispensasjon fra gjeldende reguleringsplan slik at omsøkt mur kan oppføres nærmere veien enn fastsatt byggegrense.

Begrunnelse for dispensasjon: Hensynene bak byggegrensen er i hovedsak knyet i trafikksikkerhet, siktforhold, drift og vedlikehold av vei, samt eventuell fremtidig utvidelse av veiareal. Det omsøkte tiltaket er vurdert opp mot disse hensynene: Trafikksikkerhet og sikt: Muren vil ikke være i hinder for siktforholdene langs veien eller i avkjørsel. Høyde og plassering er tilpasset slik at frisiktsoner ivaretas.

Drift og vedlikehold: Tiltaket vil ikke være til hinder for normal drift og vedlikehold av veien. Det opprettholdes tilstrekkelig avstand i at snørydding og annet vedlikehold kan gjennomføres som tidligere.

Fremtidig veibehov: Det er ikke kjent planer for utvidelse av veien på aktuell strekning, og tiltaket vil ikke være til hinder for eventuell fremtidig bruk av arealet. På bakgrunn av dette vurderes det slik at hensynene bak byggegrensen ikke blir vesentlig tilsidesatt.

Fordeler og ulemper: Fordelene ved tiltaket anses å være klart større enn ulempene. Muren vil bidra til stabilisering av terreng og sikre en varig og forsvarlig løsning. Tiltaket vil også gi et ryddig og tilpasset uttrykk mot veien. Ulempene vurderes som begrensede, tiltaket ikke i nevneverdig grad påvirker trafikksikkerhet, fremkommelighet eller offentlige interesser.»

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilråa må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsynet bak det å setje byggegrense mot veg er å sikre trafikktryggleik, det sikre nok areal til drift og framtidig utviding av vegen, og det å redusere ulemper som støy og skape betre arealbruk langs vegen.

Omsynet bak krav om felles planlegging (jf. omsynssone H810) er å sikre ei føreseieleg utvikling ved hjelp av kommunedelplan, områderegulering, detaljregulering eller strategisk plan (retteleiarande plan for offentlege rom).

Byggegrense frå veg

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak byggegrensa mot veg, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søkjar til at omsyna bak byggegrensa i hovudsak er knytte til trafikkssikkerleik, siktforhold, drift og vedlikehald av veg, samt mogleg framtidig utviding av vegarealet. Kommunen har vurdert det omsøkte tiltaket opp mot desse omsyna. Når det gjeld trafikkssikkerleik og siktforhold, legg kommuneadministrasjonen til grunn at støttemuren blir plassert og utforma slik at han ikkje vil vere til hinder for frisisiktsoner eller trygg ferdsel langs vegen og i avkøyrslø. Høgde og plassering står fram som tilpassa eksisterande terreng og trafikale forhold, og tiltaket vil difor ikkje medføre redusert sikt eller auka trafikkfare.

Vidare er det vurdert at støttemuren ikkje vil hindre normal drift og vedlikehald av vegen. Det vert oppretthalde tilstrekkeleg avstand til at snørydding, reinhald og anna naudsynt vedlikehald kan gjennomførast på same måte som i dag. Tiltaket vil såleis ikkje føre til ulemper for vegstyresmakta si forvaltning av vegarealet.

Når det gjeld framtidig behov for utviding av vegen, er det ikkje kjent konkrete planar for slik utviding på den aktuelle strekninga. Kommuneadministrasjonen legg òg vekt på at støttemuren er av ein slik karakter at han i avgrensa grad vil vere til hinder for eventuell framtidig bruk eller omdisponering av arealet. Samferdselsavdelinga har i si uttale peika på at dispensasjon kan givast på nærare vilkår. Dette støttar vurderinga om at tiltaket kan gjennomførast utan at dei omsyna byggegrensa skal ivareta vert vesentleg tilsidesette, føreset at relevante vilkår vert stilte og følgde opp.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak avstandskravet til vegen, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene, då støttemuren vil bidra til stabilisering av terrenget og sikre ei varig og forsvarleg løysing. Kommuneadministrasjonen legg vekt på at stabilisering av terreng er eit vesentleg omsyn, særleg der eksisterande forhold kan medføre risiko for utgliding eller uheldig terrengutforming. Tiltaket vil såleis gi ein meir robust og langsiktig situasjon på eigedomen. Vidare vil støttemuren gi eit ryddig og tilpassa uttrykk mot vegen.

Kommuneadministrasjonen vurderer dette som eit positivt moment, då tiltaket vil bidra til ei betre visuell utforming av området og skape ei meir ordna avgrensing mellom eigedomen og vegarealet.

Kommuneadministrasjonen vil samstundes peike på at det i utgangspunktet alltid vil vere ei viss ulempe knytt til å dispensere frå ein reguleringsplan. Slike dispensasjonar kan medføre



at utviklinga vert noko mindre føreseieleg, både for styresmaktene og for omgjevnadene. Dette omsynet talar generelt for å vere tilbakehalden med å gi dispensasjon.

Når det gjeld denne saka, er det likevel lagt til grunn at ulempene er av avgrensa omfang. Støttemuren vil etter si plassering og utforming ikkje i nemneverdig grad påverke trafiksikkerleik, framkome eller andre offentlege interesser, og tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med sentrale omsyn knytt til drift og vedlikehald av den kommunale vegen. Etter ei samla vurdering meiner kommuneadministrasjonen at dei klare fordelane ved å etablere støttemuren – i form av betre terrengstabilitet, auka kvalitet på utearealet og eit meir ryddig visuelt uttrykk – veg tyngre enn dei generelle ulempene knytt til dispensasjon.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Krav om felles planlegging

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak krav om felles planlegging, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søkjar til at tiltaket gjeld støttemurar knytt til eksisterande bustad, og at dette er avgrensa tiltak som ikkje vil vanskeleggjere eller føregripa ei framtidig samla planlegging av området. Kommuneadministrasjonen meiner at denne vurderinga i hovudsak er treffande.

Omsynet bak krav om felles planlegging er å sikre ei føreseieleg og heilskapleg utvikling gjennom overordna planverktøy som kommunedelplan, områderegulering, detaljregulering eller strategisk plan (til dømes rettleiande plan for offentlege rom). Slike planprosessar skal leggje til rette for gjennomtenkt arealbruk, samordning av infrastruktur og gode løysingar for omgjevnadene.

I denne saka er det tale om oppføring av to støttemurar i tilknytning til ein allereie etablert bustad. Tiltaket står som avgrensa både i omfang og verknad, og har i hovudsak funksjon som sikring og tilpassing av eksisterande terreng. Etter administrasjonen si vurdering vil ikkje desse murane binde opp areal på ein måte som hindrar eller i vesentleg grad påverkar framtidige planløyningar for området.

Vidare legg administrasjonen til grunn at tiltaket ikkje inneber etablering av ny struktur eller arealbruk som bryt med intensjonane bak ei seinare samla planlegging. Støttemurane vil ikkje påverke hovudgrep i framtidig utbyggingsmønster, vegføring, grønstruktur eller offentlege rom i nemneverdig grad.

På denne bakgrunnen meiner kommuneadministrasjonen at ei godkjenning av tiltaket ikkje vil medføre ei vesentleg tilsidesetting av omsynet bak krav om felles planlegging. Omsynet til føreseieleg og heilskapleg utvikling vert framleis ivareteke gjennom dei overordna planprosessane, og det aktuelle tiltaket er ikkje av ein slik karakter at det undergrev desse.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak krav om felles planlegging, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at tiltaket gjeld støttemurar knytt til eksisterande bustad, og at dette er eit avgrensa tiltak. Administrasjonen legg vekt på at dei omsøkte støttemurane har ein avgrensa funksjon, primært knytt til terrengtilpassing og sikring av eksisterande



bustadeigedom. Tiltaket inneber ikkje etablering av ny arealbruk eller strukturar som vil leggje føringar for den vidare utviklinga av området. Etter administrasjonen si vurdering vil murane difor ha liten påverknad på moglegheitene for seinare planlegging gjennom kommunedelplan, områderegulering, detaljregulering eller strategiske planar.

Fordelane ved å gje dispensasjon blir vurderte som klare. Ei godkjenning vil leggje til rette for ei føremålstenleg og trygg utnytting av eigedomen, og bidra til å sikre stabilt terreng og gode brukstilhøve rundt bustaden.

Kommuneadministrasjonen vil samstundes peike på at det i utgangspunktet alltid vil vere ei viss ulempe knytt til å dispensere. Dette ved at dispensasjonar kan medføre at utviklinga blir noko mindre føreseieleg, både for styresmaktene og for omgjevnadene. Dette omsynet talar generelt for å vere tilbakehalden med å gi dispensasjon. I denne saka er det likevel tale om eit lite og avgrensa tiltak, der dei negative konsekvensane for føreseieleg planlegging blir vurderte som marginale.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønn til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som er nemnde over.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynd. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Kunnskapsgrunnet er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.



Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagt på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Arild Knutsen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

63/190 - Smiebakken 6 - Søknad om oppføring av to støttemurar

Situasjonsplan

Gjennomføringsplan

63/190, Supplering av søknad - dispensasjon

63/190 - Supplering av søknad

Vurdering av områdestabilitet

63/190 - Supplering av søknad

Gjennomføringsplan

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Vestland Fylkeskommune

Askedalen 2

6863

Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve